



Klepp

Innkalling til Årsmøte 2025 i Klepp Bygdekvinnelag

Stad: Horpestad Grendahus Tid: 23. oktober kl. 19.00

Program:

Klepp Bygdekvinnelag 100 år – eit tilbakeblikk v. leiar

Gjest frå styret i Rogaland Bygdeungdomslag informerer om BU-landsleiren på Øksnevad i Klepp neste sommar.

- **Årsmøtesaker:**

- Sak 1. Godkjenning av innkalling og saksliste

- Sak 2. Val av møteleiar

- Sak 3. Val av referent

- Sak 4. Val av 2 til å skrive under årsmøtereferat

- Sak 5. Godkjenning av Årsmelding

- Sak 6. Godkjenning av Regnskap

- Sak 7. Innkomne saker.

- Sak 8. Val

- Mat: Rundstykker og kaker + grønn drink til den som torer!

- Orientering om kurs i Fermentering m.m. - og vevutstilling

- Utlodning

Alle velkomne! Åpent møte, men bare medlemmer har stemmerett.

Leiaren har ordet.



Kjære medlemmer!

Nå går eit 100-årsjubileum mot slutten. Det har vore spanande og lærerikt å få setta seg inn i historia til Klepp Bygdekvinnelag. Ei kort oppsummering av denne historia vil koma i ein eigen artikkel i årboka til Klepp Historielag 2025, der og Bore og Orre Bygdekvinnelag skreiv litt frå tidlegare aktiviteter i laga sine. Orre Bygdekvinnelag har som kjent lagt ned, og Bore Bygdekvinnelag har fusjonert med Klepp, så nå er vi eitt Klepp bygdekvinnelag for heile kommunen. I samband med historieskrivinga er dei aller fleste bileta frå turar, møter og ulike jubileer scanna inn som dokumentasjon for ettertida av Klepp historielag. Vi har og sørja for at alle folk i Klepp får kjennskap til organisasjonen vår gjennom ein presentasjon i Klepp-magasinet.

Kven er så Klepp Bygdekvinnelag i 2025?

I tillegg til å vera ein gild sosial klubb, viser vi og samfunnsengasjement gjennom å støtta gode saker både lokalt, regionalt og internasjonalt. Bygdekvinnelaget er ein partipolitisk nøytral organisasjon som arbeider for livskraftige bygder og jordvern, men og for å ta vare på tradisjonar verdt å ta vare på innan både mat og handtverk. Kampsaker har i mange år vore arbeidet for gratis skulemat og varm mat i barnehagane.

I dag opplever vi ting som truar demokratiet..... å møtast for å ha det gildt og snakka saman blir viktigare og viktigare. I haust blir Bore Samfunnshus rive, for så å gjenoppstå i 2.etasje av eit nybygg om ca. 2 år. I mellomtida kan Kunst & Handverkstova på Horpestad med sitt flotte uteområde bli ein ny plass der folk kan møtast på tvers av generasjonar. Dette oppdaga mange då nærare 1000 små og store var innom «Farmendagen» vi arrangerte ilag med Fram 4H, Klepp Bygdeungdomslag og Klepp Bondelag i april.

Og 13 vevstolar har endeleg fått ein trygg plass i kjellaren her. Den lange og stolte tradisjonen med vevkurs vil vi setja fokus på i jubileumsåret ved å arrangera ei vevutstilling med kafé og omvising i vevstova 22. og 23.nov.

Tilslutt vil eg takka alle som stiller opp på møter og arrangement. Takk til dei som strikkar og syr til Basaren, eller leverer kaker og steiker vafler/lappar. Saman er vi med og lagar eit varmare samfunn!

Heilt tilslutt må nemnast at Norges Bygdekvinnelag blei tildelt HEIDERSPRISEN av juryen i Det Norske Måltid for god formidling av tradisjonsmat. Stas!!

Marianne Øvregaard, leiar



ÅRSMELDING

Klepp BKL hadde per sept. 2025 92 medlemmer. Styret har fram til Årsmøtet i oktober hatt 10 styremøter og arbeidd med 73 saker. Då er ikkje faste postar som Godkjenning av innkalling og Møtereferat tatt med.

Styret 2024/25 har vore:

Leiar: Marianne Øvregaard

Nestleiar: Mariann Tjørn

Kasserar: Gro Mabel Anda

Sekretær: Reidun Skretting

Studieleiar: Kari Brunes

Styremedlem: Anne Gro Bilstad

1.vara som møter fast: Karin Braut

2.vara: Runa Lise Skadsem 3.vara: Siri Margrethe Byberg

I tillegg har vi eigne komitear for Basaren, Vaffelkos på Kleppheimen og Hausttakkegudsteneste (sjå komiteinnlegg lenger nede i Årsmeldinga).

Aktivitatar sidan sist Årsmøte i okt. 2024:

November: Basar på Bore Samfunnshus med rekordbesøk og stort overskot.

Desember: Julemøte på Horpestad Grendahus med besøk av ekteparet Salte frå Torvholen Gard.

Januar: Medlemsmøte med foredrag av Bothild Nordsletten. Tema: Jordvern og matberedskap.

Februar: Jubileumsfest ilag med Time og Sandnes BKL på Hotell Jæren 1.febr. – nøyaktig 100 år etter stiftinga av Midt-Jæren Kvinnelag.

Mars: Nærbø var arrangør av sonemøtet ilag med Klepp og Varhaug. Edel Urstad frå Folkebevegelsen «Meining, mat og mot!» hadde hovudforedrag. I tillegg deltok eit ungt par frå Bogsdalen Gård som satsar på sjølvberging.

Mariann, Kari og Marianne frå styret deltok på Rogaland Bygdekvinnelag sitt årsmøte 21./22.mars.

April: Vi prøvde ut eit konsept som Sandnes BKL har hatt i mange år: «Farmendag». Samarbeidspartnarar var Fram 4H, Klepp Bygdeungdomslag og Klepp Bondelag. Ein

Lørdag med mange kjekke uteaktiviteter, dyr og traktorar resulterte i at nær 1000 små og store var innom på Horpestad gamle skule. Dette skal vi gjenta!

Mai: Fleire av oss deltok på siste Almannamøte 6.mai før riving av Bore Samfunnshus.

Tradisjonen tru møtte mange opp for å sikra seg rimelege blomar og krydderplanter frå Kryddergarden på Horpestad.

Juni: Ikkje fullt så mange møtte opp på tur til Melsvatnet med avslutning i Melsbu dagshytte. Men godt drøs og gildt for dei som kom seg ut:-). Vi deltok i Jæren Pride sitt regnbogetog 14.juni, og delte etterpå ut saft, kaffi og lappar.

August: 30.august inviterte Varhaug BKL medlemmer i Klepp og Time BKL på dagstur til Vindafjord og indre Haugalandet.

September: 4.sept.11-13.00 inviterte Frivilligkoordinatorane fleire organisasjoner med på å laga Gladmatfestival for eldre på Sirkelen. Vi stilte med «sild & egg-skjeva» + ein sunn, grønn smoothie.

11.sept.hadde vi eit litt annleis medlemsmøte: «Afternoon tea» på Vestgaard mat!



Frå Hausttakkegudsteneste-komiteen:

Det var ei annleis hausttakkegudsteneste i 2024. Søndag 29. september var det felles gudsteneste med nattverd i Vollhallen for dei tre kyrkjelydane. Dette var ein del av programmet då biskop Anne Lise Ådnøy var på besøk i høve bispevisitas for Klepp, Bore og Orre sokn. Heile 450 deltok på gudstenesta. Orre kyrkjelyd hadde pynta hallen med grønnsaker og blomar. Barnekora i Klepp og Bore bidrog med song, og gudstenesteverkstad i Klepp dramatiserte til tekstlesinga. Dansegruppa i Bore og Orre skulekorps deltok óg. Preika vart halden av biskopen, og ny, fungerande vikarprest i Orre, Gunther Theiss, vart teken imot og bedt for. Det var sett opp fleire stasjonar med kyrkjekaffi og kaker som fall i god smak, og gav rom for drøs og hygge. Klepp Bygdekvinnelag bidrog med kaker. Målfrid Braut og Randi Nese representerte laget vårt.

Ref. Randi Nese

Frå Vaffelkos-komiteen:



Høsten 2024 startet vi opp med å ha Vaffelkosen nede i dagligstova på Dag- og aktivitetssenteret, Kleppheimen.

Dette pga at vi tidligere hadde vært bare i 2 etasje og det var ønskelig med Vaffelkos også i 3 etasje. Da kunne personal eller pårørende ta med sine ned i dagligstova. Dette blei godt tatt imot av de pårørende.

Vi har hatt Vaffelkos 1 gang pr måned. Det har vært få beboere nede fra starten, og ofte har vi i komiteen vært oppe for å etterspør om ikke beboerne skal komme ned.

Vi har meldt til trivselsansvarlig at hun må gi beskjed til leder at det blir feil dersom vi må opp for å hente beboerne. For oss i komiteen ser vi at beboerne koser seg veldig når de får komme ned.

Komiteen består av de gode vaffelsteikerne: Berit Rødland, Kari Ølberg og vikar for disse er Ragnhild Bryne. I tillegg Turid N. Horpestad.

Musikk er ved Johannes Byberg - trekkspill og Marianne Øvregaard – piano.

Ragnar Hole har også blitt med oss på trekkspill.

Ref: Turid N. Horpestad



Frå Basarkomiteen:

14.11. 2024 var det duka for den årlege basaren i Bore samfunnshus. Demenskolet Forglemmegei stod for underhaldninga, og dei både fylte opp og trakk masse folk. Vi selde ut fjorten bøker og 1100 årer. Vi hadde dessverre ikkje nok til alle som ville ha, så enkelte av dei som kom like før oppstart valde å snu i døra då dei fekk høyra det.

Den nye basarkomiteen fekk god innføring i korleis den gamle har styrt skuta, og ville gjere sitt beste for å følge opp den stolte tradisjonen. I romjula vart det handla gevinstar på salg, og vi fekk inn overveldande mykje flott handarbeid til premiar - og ikkje minst gåvekort og andre premiar frå det lokale næringslivet. Basaren gav eit stort overskot, som Jæren Demensforeining fekk ein stor del av: 25.000,-
Faste medlemmer i Basarkomiteen er Anne Lise Tjelta, Bente Ottøy Salte, Edith Birgitte Ludvigsen og Runa Lisa Skadsem. I tillegg er Elise Sofie Lomeland og Fjola Særheim assosierte medlemmer.
Ref: Edith Birgitte Ludvigsen

Kurs i Klepp BKL



- Vevkurser går sin gang, med ventelister på både nybegynnerkurset og på kurs for vidarekomne. Det er i alt plass til 13 på dei to kursa tilsaman. Kurser går på onsdagar over 12 kveldar. Deltakarane får tilgang til Horpestad Kunst & Handtverkstove når det måtte passe dei å kome og veve.
- Kurs i brodering og montering av pannebånd, hårbøyle eller slips til Nordakerbunad blei avlyst pga for få påmelde.
- Førstehjelpskurs ilag med Bydelismødrene blei avtalt flytta til nyåret 2026

Kari Brunnes (studieleiar)

Regnskap for Klepp Bygdekvinnelag 01.09.2024-31.08.2025

	2024/2025	2023/2024
INNTEKTER:		
Inntekter møter	7 991,00	8 723,00
Inntekt basar	98 738,00	66 388,00
Åpen Gard	-	17 727,00
Inntekt hausttakkegudstjenesten	24 970,00	12 486,00
Konsert Orre Friluftshus	1 790,00	3 532,00
Inntekt kurs (ny)	39 200,00	-
Tilskudd studieforbund Kultur&Tradisjon	16 800,00	-
Tilskudd lagsarbeid	-	3 600,00
Sparebankstiftelsen	200 000,00	-
Inntekt haustmarked	-	2 150,00
Inntekt arrangement/fest	15 385,00	30 560,00
Momskompensasjon NBK	11 899,00	6 527,00
Kundeutbytte Jæren Sparebank	2 018,00	1 428,00
Renteinntekter	10 240,00	5 793,00
	429 031,00	158 914,00
UTGIFTER:		
Styrehonorar	16 000,00	15 000,00
Lønn lærere kurs	40 000,00	-
Basarutgifter	16 131,00	15 244,00
Utgifter haustmarked	-	2 300,00
Åpen Gard	-	4 106,00
Arrangement/fest	18 592,00	32 539,00
Annonser	-	1 550,00
Inventar	2 550,00	1 800,00
Honorar regnskap	5 372,00	267,00
Data/Tripletex regnskap	3 591,00	2 018,00
Møter	12 729,00	24 750,00
Kos Kleppheimen	9 369,00	4 500,00
Årsmøte RBK	9 300,00	5 800,00
Kurs	1 100,00	-
Kontingenter	2 788,00	765,00
Reperasjon/vedlikehold bygninger	200 000,00	-
Gave etter basaren	25 000,00	20 000,00
Hauستakkegudstjeneste / Samarbeidsråd	24 970,00	12 486,00
Porto	85,00	85,00
Bank- og kortgebyrer	2 503,00	1 766,00
	390 080,00	144 976,00
Underskudd/overskudd	38 951,00	13 938,00

Innkomne saker:

Det er ingen innkomne saker til Årsmøtet.

INNSTILLING FRÅ VALNEMDA

Leiar:	Marianne Øvregaard		gj.v 1 år
Styremedlem:	Anne Gro Bilstad		gj.v 2 år
Styremedlem:	Brit Stavenes Sæbø	ny	2 år
Ikkje på val:			
Kasserer:	Gro Mabel Anda		
Styremedlem:	Reidun Skretting		
Styremedlem:	Kari Brunes		
1.varamedlem:	Karin Braut	møter fast	gj.v 1 år
2.varamedlem:	Runa Lise Skadsem		gj.v 1 år
3.varamedlem:	Siri Margrethe Byberg		gj.v 1 år
Revisor:	Sigrun Klingsheim		gj.v 2år
Ikkje på val	Anita Nese		
Valnemd:			
	1. Judith Hermansen		ikkje på val
	2. Årsmøtet foreslår nytt medlem		2 år
Ref Inger Erås			